

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943 AUSTRHEIM

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region  
Vest

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Vår referanse: 16/5042

Dykkar  
referanse:

Dato: 18.02.2018

## **Austrheim kommune Hordaland - Kommuneplanen sin arealdel i 2017-2027 - Andre gongs offentlig ettersyn - uttale**

Vi viser til brev av 15.12.2017 frå Austrheim kommune med andre gongs høyring av kommuneplanen sin arealdel 2017 – 2027. Fiskeridirektoratet region vest har fått forlenga freist for uttale av omsyn til at vi tok i mot høyringsdokumenta fyrst 25.01.2018.

Fiskeridirektoratet har tidlegare gjeve fråsegn i brev av 06.05.2013 i samband med høyring av planprogrammet, og i brev av 27.06.2016 ved fyrste gongs høyring av arealplanen. Vi legg vekt på at kommunen sett av tilstrekkelige sjøareal for fiske og akvakultur i planen, og at dei gjennom arealplanlegginga teke vare på viktige marine ressursområde. Vi har følgjande uttale til planforslaget som no ligg føre;

### **Fiske og ferdsle**

Det er satt av store areal for ferdsle ikring hovudlei og bilei. Vi har kommentert at fiskeri og sjøtrafikk er føremål som i dei fleste høve lar seg god kombinere. For å sikre tilstrekkelig areal for fiske, har vi bedt kommunen om å ta fiske inn som kombinert føremål med farlei. Vi slår fast at kommunen har føreteke endring i føresegna, § 3.3.1 Ferdsel;

«I ferdselsområde går ferdsel framfor anna bruk av området. Det kan ikkje tillatast tiltak som er til hinder eller til ulempe for ferdsel innanfor området. Fiske kan gå føre seg så lenge det ikkje er til hinder eller risiko for sjøtrafikk».

Vi ser oss nøgd med dette og meiner at sjøareala som er sett av for fiske i noverande plan, anten som ein kategori fiskeområde eller fiske i kombinasjon med anna type arealbruk, tek godt vare på fiskarane sine interesser.

## **Akvakultur**

Fiskeridirektoratet skal medverke til at kommunen sett av tilstrekkelige sjøareal for akvakultur slik at næringa kan drive og utvikle seg innanfor ein berekraftig ramme. I særleg grad ser vi det som viktig at det vert satt av areal som i tilstrekkelig grad sikrar framtidig drift på etablerte lokalitetar. Det er avsett areal akvakultur ved både dei to lokalitetane kor det er gjeve løyve til matfiskoppdrett, ved Øksneset og ved Allersholmen.

Fiskeridirektoratet rår til at akvakulturområdet ved Øksneset vert endra slik at anlegget som er lagt ut der vert liggjande innanfor. Vi minner om at løyve til akvakultur ikkje kan gjevast i strid med plan- og bygningslova og i praksis vil dette seie at alle endringar av akvakulturanlegg i overflate, i vass-søyla og på sjøbotn, må vere i samsvar med arealbruk etter kommunen sin arealplan. Vi rår også til at kommunane samarbeider om arealplanlegging i fjordsystem dei deler, slik at det ikkje oppstår eit kunstig skilje i arealbruk der kommunegrensa går. Radøy kommune har satt av areal for akvakultur nord og aust for Jibbersholmene mot grensa til Austrheim. Det er etablert eit matfiskanlegg for laks og aure, men fortøyingsystema frå anlegget kryssar over kommunegrensa og inn i Austrheim, der arealbruk er definert som ferdsel. I planføresegna er det ikkje høve til å leggje ut fortøyingsystem frå oppdrettsanlegg i sjøområda som er satt av til ferdsle, ihht. § 3.3.1 Ferdsel. Skal fortøyingsystema frå anlegget som ligg i Radøy kommune justerast, må ein såleis først søke om dispensasjon frå arealplanen til Austrheim. Fiskeridirektoratet region vest ser ikkje konfliktpotensial mellom ferdsel i overflata og fortøyingsystem, og vi oppmodar kommunen om å endre føresegna slik at fortøyingsystem frå akvakulturanlegg kan tillatast dersom desse ikkje kjem til hinder for ferdsle.

## **Industriområde ved Åråsvågen**

Industriområdet som ligg på vestsida av Åråsvågen var teke ut av planen i det første planforslaget, men er no teke inn att. Av planomtala og i merknadene les vi at det er forslag om å etablere steinbrot med tilhøyrande djupvasskai. Vi minner om at slike tiltak vil utløyse krav om konsekvensutreiing etter plan- og bygningsloven. Konsekvensar for registrert rekefelt og gyteområde torsk (Havforskningsinstituttet) er blant tema som må konsekvensutreiast før eventuell etablering av ei djupvasskai.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ola Middtun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift*

KOPPI

**Mottakarliste:**

Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
-------------------	--------------	------	-----------

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Jan Nordø	Hoplandssjøen 74	5943	AUSTRHEIM
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND

KOPPI